

**Notat**Dato: 23.05.2019  
Arkivsak: 2014/11864-10  
Saksbehandlar: torsan12

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Svar på spørsmål om TO-tilbod på Bømlo**

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå møte i OPHE 14.05.19, sak PS 40/10 Bømlo vgs – lokalisering verkstadsareal for TIP, EL og Naturbruk.

Kine Bratli Dale (A) sette fram slikt oversendingsforslag på vegner av A, SV, R, SP, KrF, MDG, V, H og FrP til fylkesrådmannen:

«Utvalg for opplæring og helse ønsker at fylkesrådmannen redegjør for de fremtidige planene for det fylkeskommunale TO- tilbudet som I dag er lokalisert i Bømlo kommune. På hvilken måte skal disse elevene ivaretas i fremtiden, både mtp fysisk og pedagogisk tilrettelegging. Vi ønsker også en vurdering av hvorvidt det er mulig å inkludere disse I vanlige klasser, og i hvilken grad det er nødvendig med tilrettelegging utenfor ordinær klasse. Utvalget ber om skriftlig svar som følger saken frem mot behandlingen i fylkesutvalget og fylkestinget.»

**Skulebruksplan 2017-2030**

Gjennom handsaming av skulebruksplan 2017-2030 i fylkestinget 4.10.2016, sak PS72/2016, blei TO-tilbudet i region Sunnhordland vedtatt lokalisert til Stord vgs.

Dette inneber at dagens tilbud på HTA (arbeidstrening) og HTH (kvardagslivstrening) på Bømlo vgs vil bli lokalisert på Stord vgs. Å i større grad samle desse tilboda er naudsynt av omsyn til å sikre og styrke fagmiljøa og operere med ein fleksibilitet i opplæringstilbudet for å kunne ivareta elevvar med særskilte behov. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til rom- og funksjonsprogram for både Bømlo vgs og Stord vgs i desember 2019.

Tabellen under viser omfanget av TO-tilbudet ved Bømlo vgs og Stord vgs skuleåret 2018/19.

Skule	HT	HTA	HTH
Bømlo vgs	0	4	3
Stord vgs	6	11	9

Elevteljing per 15.09.2018

Tabellen under viser vedtatt dimensjonering i regionen fram mot 2030.

REGION	SKULE	Elevtal 2018/19	YRKESFAG									STUDIEFØREBUANDE					Elev-plassar 2030		
			AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID		KDA	ST
SUNNHORDL.	Bømlo vgs	273					60	90	60		-	60						180	450
	Rubbestadnes vgs	146																	
	Fitjar vgs	227				30		120		30									210
	Stord vgs	753	35	62	60		120				45	90	30	90	90	90		360	1 072
		1 399																	1 732

Som tabellen over viser vil det regionale tilbudet innan TO bli lokalisert til Stord vgs.

### Framtidig organisering av HT-tilbudet

I tillegg til HTA og HTH, består TO-tilbudet av HT-grupper (grunnkompetanse). I ei framtidig organisering av TO-tilbudet i Vestland fylkeskommune er det i eit gjennomførings- og inkluderingsperspektiv ønskjeleg at elevar ikkje blir tekne inn til eigne HT-grupper. Elevane må takast inn i ordinær opplæring, og utgangspunktet for tilrettelegging i vidaregåande opplæring må vere å gi elevane tilfredsstillande utbytte i det ordinære opplæringstilbudet.

Delprosjekt 1.2 og 1.5 arbeider med ei framtidig organisering av tilbudet som ein del av regionreforma. Sogn og Fjordane og Hordaland organiserer HT-tilbudet ulikt i dag. Fylkesrådmannen vil involvere dei vidaregåande skulane i arbeidet frå og med hausten 2019, med mål om ein ny felles modell frå skulestart 2021 - første felles inntak i Vestland fylkeskommune.